



Byggmester Terje Kleivdal
Kleivdalsveien
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6101 - 14/21619

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
23.09.2014

Ferdigattest - gbnr 99/10 Våge - bruksendring, tilbygg og mindre tiltak

Tiltakshavar: Fridtjof Kampevold, 5955 Lindås
Ansvarleg søkjar: Byggm. Terje Kleivdal, 5912 Seim
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 10.09.2014. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 18.09.2014.

Skildring

Adresse:	Sævråsvegen 40.
Bygningstiltak:	Bruksendring , tilbygg til bustad og legalisering av garasjeuthus/anneks til bustad.
Bygningsnummer:	1923465 (bustad), 300421773 (uthus) og 300421779 (uthus).
Bruksareal:	Bustad 162m ² og uthus hhv. 20m ² og 16m ²
Avlaup:	Via minireinseanlegg
Vatn:	Privat vassverk
Tal på røykløp:	2

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §21-10 vert det gjeve ferdigattest for bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad, tilbygg til bustad og legalisering av vedskjul, skur for søppelspann og atelier på gnr. 99, bnr. 10.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. §20-1, bokstav d.



Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Byggmester Terje Kleivdal

Kleivdalsveien

5912

SEIM